



NVE

LINGALAKS AS
Grovaabrotet 8
5600 NORHEIMSUND

Vår dato: 12.01.2026
Vår ref.: 202513227-7 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Guttorm Edman Jørgensen
gejo@nve.no

NVE har gjeve løyve til landstrømanlegg til oppdrettsanlegget Toska Sør i Alver kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Lingalaks AS konsesjon for å byggje, eige og drive ein om lag 1,6 km lang sjøkabel frå Kjebogen industriområde til Toska sør oppdrettsanlegg. NVE gjev også konsesjon til ein 22 kV/0,4 kV transformator med yting 315 kVA på oppdrettsanlegget. Vedlagt følgjer NVEs løyve (anleggskonsesjon) av i dag.

Dokumenta finst òg på www.nve.no/25862/A.

Klagerett

Denne løyva kan klagast på, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klager vil bli sendt Lingalaks AS til uttale før saka leggst fram for Energidepartementet.

Søknaden

H2 Hardanger AS søker på vegne av Lingalaks AS om konsesjon etter energilova for etablering av ein 22 kV sjøkabel til elektrifisering av oppdrettslokaliteten Toska Sør i Alver kommune i Vestland fylke. Det søkast også om ein transformator med omsetning 22 kV/0,4 kV og yting 315 kVA på oppdrettsanlegget. NVE fekk søknaden til handsaming den 25.11.2025.

Bakgrunnen for søknaden er av omsyn til helse, arbeidsmiljø, klima og miljø. Lingalaks ynskjer å redusere forbruk av fossilt brensel på anlegga sine og vil erstatte dette med fornybare energikjelder.

Tilkoplingspunkt for sjøkabel vil vere på Kjebogen industriområde i eksisterande nettstasjon som eigast og driftast av områdekonsesjonær BKK. Lingalaks har vurdert plassering av grensesnitt i samråd med BKK på bakgrunn av nærleik til kaiområde og flåte på oppdrettslokalitet. BKK har i forarbeidet til konsesjonssøknaden stadfesta kapasitet i nettet. Lingalaks har eigen leigeavtale om bruk av kaiområdet med heimelshavar for egedomen, Radøy Granit AS. Avtalen inkluderar rett til å leggje sjøkabel for tilknytning av straumforsyning til forflåte til oppdrettsanlegget.

Kart over tiltaka er vist på neste side.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 1. Kartutsnitt – plassering av oppdrettsanlegget i Mangersfjorden og Nordhordland. Kjelde: NVE Atlas



Figur 2. Kart over plassering av oppdrettsanlegget med forflåte for tilknytning. Planlagt kabeltrasé for tilknytning til overliggende nett er vist med rød linje. Kjelde: H2 Hardanger AS



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si handsaming av søknaden

NVE handsamar konsesjonssøknaden etter energilova. NVE vurderer også verknadane for naturmangfaldlova § 8 til 12. Tiltaka treng òg avklaring etter andre sektorlovar som kulturminnelova og hamne- og farvasslova.

Under følgjer dei delane av fråsegnene som er relevante for vår vurdering av om tiltaket skal få konsesjon. Fråsegnene og søkar sine kommentarar er tilgjengelege via offentleg postjournal (eInnsyn) eller saka si nettside www.nve.no/25862/A.

Lingalaks har på førehand innhenta fråsegner frå Fiskeridirektoratet, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Forsvarsbygg og Alver kommune. Det er innhenta løyve frå Kystverket for legging av sjøkabel etter hamne- og farvasslova. Fråsegnene vart sendt til NVE saman med konsesjonssøknaden. På bakgrunn av tidlegare høyring, Kystverkets handsaming av søknaden og saka sitt avgrensa omfang, fant NVE det ikkje naudsynt å sende søknaden på offentleg høyring, jf. energilova § 2-2.

Tema som går igjen er omsyn til fiskeriinteressa og marine naturverdiar i området. Planlagt kabeltrasé går gjennom eit gytefelt for torsk. Høyringspartane vurderar elles at tiltaket ikkje vil gje verknader av vesentleg betydning og at konfliktpotensialet for dei interessene dei er satt til å ivareta er lågt. Under følgjer ei kort oppsummering av fråsegnene i saka og Kystverkets vurdering om løyve etter hamne- og farvassloven.

Fiskeridirektoratet (9. januar 2025)

I området er det registrert gytefelt for torsk, førekomst av kamskjel og reketråling. Utlekking av kabelen vil ikkje medføre vesentleg risiko for registrerte naturverdiar eller stor konflikt med fiskeriinteressene i området, føresett at kabelen leggjast ut kontrollert og utan frie heng som kan medføre risiko for at fiskereiskap får hefte. Når det gjelder arbeid med nedspyling av sjøkabel ved landtak, bør arbeidet skje utanom torsken si gytetid januar–april.

Vestland fylkeskommune (9. januar)

Det er ikkje kjente kulturminne i området. Om marine kulturminne blir funne, må arbeidet stoppast og funn meldast, ref. kulturminnelova.

Statsforvaltaren i Vestland (13. januar 2025)

Har ikkje avgjerande merknader til legging av kabel, føresett at legging skjer utanom gytetid og at nye naturinngrep blir avgrensa til det som er strengt nødvendig. Må gjerast risikovurderingar og eventuelt tiltak for å unngå spreiding av arten havnespy i forbindelse med tiltaket.

Forsvarsbygg (30. januar 2025)

Registrera at sjøkabel har treffpunkt mot eit skyte- og øvingsfelt, men har vurdert at det kan gis samtykke til etablering av denne sjøkabelen.

Alver kommune (27. januar 2025)

Tiltaket er i samsvar med overordna plan og kommunen har ingen merknadar.

Kystverket (11. februar 2025)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Foreslått trasé inne ved Kjobogen ligg nær kai, og det vil være ein risiko for at kabel kan bli treft dersom eit skip som skal til kai må nødankre eller mister anker. Anbefaler at trasé vert flytta lenger ut frå kai for å redusere denne risikoen. Av omsyn til ferdsel- og sikkerheit, samt fiskeaktivitet, må landtak ha skilt, kabel leggjast utan frie spenn og utlagt kabel meldast inn til Kartverket. For å ivareta sikkerheita i anleggsperioden blir det stilt vilkår om informasjon til seglande.

I området er det registrert gytefelt for torsk, forekomst av kamskjel og rekefelt. Kystverket stiller seg bak vurderingane frå Fiskeridirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland, om at utlegging av kabelen ikkje vil medføre vesentleg risiko for registrerte naturverdiar eller stor konflikt med fiskeriinteressene i området. Naturinngrep må likevel avgrensast til det som er strengt nødvendig. Det må bli tatt omsyn til gytetid og unngå spreiding av fremmedarten havnespy ved gjennomføring av arbeidet.

NVEs vurdering av søknaden

Konsesjonshandsaming etter energilova inneber ei konkret vurdering av dei fordeler og ulemper tiltaket har for samfunnet som heilskap. NVE gir konsesjon til anlegg som kan sjåast som samfunnsmessig rasjonelle. Det vil seie at dei positive konsekvensane av tiltaket må være større enn dei negative. Vurderinga av om det skal bli gitt konsesjon til eit tiltak det er søkt om, er ei fagleg skjønnsvurdering.

Kunnskapsgrunnlaget i saka består av konsesjonssøknaden med tilhøyrande vedlegg. I tillegg har NVE føretatt søk i relevante fagdatabaser som Miljødirektoratets Naturbase, Fiskeridirektoratets Yggdrasil, Artsdatabanken og NVE Atlas.

NVE stiller krav til kartlegging av naturverdiar og arter i alle søknader vi handsamar, i tillegg kan høyringsprosessen bidra med supplerande informasjon. Dersom vi ser manglar i vurderinga av konsesjonssøknader, stillast det krav om tilleggsutgreiing. NVE vurderer at i denne saka er kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg til å fatte eit konsesjonsvedtak.

I det vidare vil NVE gjere greie for vår vurdering av anlegget Lingalaks har søkt om konsesjon for. Lingalaks har vurdert at elektrifisering av Toska Sør oppdrettsanlegg er viktig i et helse- og miljøperspektiv. Tiltaket vert kosta av Lingalaks, og kostnadene vil ikkje ha innverknad på nettleiga. NVE legger dette til grunn for vår vurdering av søknaden, og ser ikkje at det er naudsynt å vurdere behova for eller kostnadane knyta til tiltaket nærmare.

Leveringsplikta

I Noreg er nettselskapa gitt ei løyve, ein områdekonsesjon, til å byggje og drive elektrisk fordelingsnett med spenning opp til og med 22 kV. Nettselskap med områdekonsesjon har ein plikt til å forsyne alle kundane i sitt konsesjonsområde med elektrisk energi. Denne leveringsplikta er nærmare gjort greie for i energilova § 3-3:

«Den som gis områdekonsesjon etter § 3-2, skal levere elektrisk energi til alle kunder innanfor det geografiske området konsesjonen gjelder for.»

BKK har områdekonsesjon der Toska Sør ligg. Leveringsplikta pålegg BKK å byggje seg fram til kunden. For flytande anlegg har Reguleringsmyndigheten for energi (RME) fastsett praksis om at områdekonsesjonær ikkje pliktar å byggje og drive elektriske anlegg heilt fram til flytande installasjonar. Områdekonsesjonær kan velje å ta på seg oppgåva, men er ikkje pålagt å gjere det.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Områdekonsesjonær pliktar likevel å gje tilknytning eller byggje seg frem til ein føremålstenleg stad nærme sjøen.

Lingalaks har i søknaden grunngjeve behov for tilknytingspunkt på Kjebogen industriområde for landstrøm til oppdrettsanlegga. Grensesnitt blir mot BKK der sjøkabel vil koplast på kortslutningsvern i eksisterande nettstasjon. Traseen er den med kortast lengde av dei alternativa som Lingalaks har utgreia. NVE vurderer at det er positivt med ilandføring i eksisterande industriområde. At kabel blir grove ned i opparbeida utfyllingsmasse reduserar naturinngrep. BKK vil ha moglegheit til å kople ut dei elektriske anlegga ved behov. NVE vurderer at grensesnittet som det er søkt om er akseptabelt.

Naturmangfold

I høve til naturmangfaldlova § 7, pliktar NVE å leggje til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 når det skal vurderast om det skal gjevast konsesjon.

Det er i søknaden opplyst om at sjøkabelen skal leggjast gjennom gytefelt for torsk. Gytefeltet er registrert av Havforskningsinstituttet og vurdert som eit felt av lokal verdi. Kystverket har i si løyve til tiltaket stilt krav etter hamne- og farvasslova om at sjøkabelen skal leggjast utanom gyteperioden januar–april. Lingalaks skriv i søknaden at dei vil ta omsyn til dette. Fiskeridirektoratet og Statsforvaltaren har også kommentert gytefeltet i sin uttale og ser ikkje at utlegginga av sjøkabel vil medføre ein vesentleg risiko for gytefeltet. Det er også registrert rekefelt og større førekomstar av kamskjel i Toskasundet og Hellosen, verdivurdert som viktig etter kartlegging av marint biologisk mangfald.

NVE sine søk i naturbase viser elles registrering av korallen sjøtre (*Paragorgia arborea*) nær trua (NT) ca. 500 meter vest for sjøkabel, men det er ikkje funne nokon naturverdiar som vert direkte råka av tiltaka. Det finnes ikkje registreringar av verdifulle naturtypar, funksjonsområder eller artar av stor eller særleg stor forvaltningsinteresse som tiltaket kjem i direkte kontakt med. Det er likevel mogleg at det finnast relevante artar eller naturtypar som ikkje er registrert langs traseen.

Utlekking av sjøkablar kan gje skade på enkelte artar og naturtypar, enten som følgje av direkte kontakt eller indirekte som følgje av at sedimenter virvlast opp og at slam legger seg på botn. NVE vil stilla krav om at utlegging av sjøkabel dokumenterast ved bruk av understyrt drone (ROV). NVE stiller vidare vilkår om at anleggsarbeida vert gjennomført så skånsamt som mogleg for å avgrense verkingane av tiltaka på det marine miljøet. Det stillast også krav om at marinbiolog frå eit uavhengig organ skal være til stade under legging av sjøkablane. Ved funn av rødlista artar og verdifulle naturtypar skal ein så langt som mogleg unngå skade på desse ved å justere kabeltraseen. Alle funn av rødlista artar og naturtypar skal kartfestast og rapporterast inn i offentlege databasar.

NVE stiller seg elles bak vurderingane frå Fiskeridirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland og Kystverket om at utlegging av kabelen ikkje vil medføre vesentleg risiko for registrerte naturverdiar.

NVE har vurdert søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12. NVE vurderer at den samla dokumentasjonen som føreligg gir tilstrekkeleg grunnlag for å drøfte og vurdere effekten tiltaket har på naturmangfaldet ut frå sakens omfang og risiko for skade, jf. naturmangfaldlova § 8. NVE meiner derfor at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er ivaretatt i denne saken. NVE meiner tiltakets samlande belastning på naturmangfaldet er begrensa etter naturmangfaldlova § 10, gitt



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vilkåra nemnt over. NVE viser vidare til våre vurderingar ovanfor og meiner derfor at naturmangfaldlova §§ 11 og 12 er teke omsyn til.

NVE registrerer at Kystverket har handsama saka etter hamne- og farvasslova og vurdert tiltaka etter prinsippa i naturmangfaldslova kap. II. Kystverket har i si løyve av den 11.02.2025 stilt vilkår om risikovurdering av hamnespy, skånsam arbeid og anleggsperiode av omsyn til miljøet (vilkår nr. 6). NVE vurderer at forholda dekkjes av vilkåret i Kystverket si løyve og legg til grunn at det følgjast opp av tiltakshavar.

Fiskeriinteresse

Søk i Fiskeridirektoratets kartdatabase, Yggdrasil, viser at det er registrert fiskeriaktivitetar i Mangersfjorden langs traseen for sjøkabel. Det gjeld notfiske etter makrell og fiske med teiner etter sjøkreps. Like sør for oppdrettsanlegget er det registrert to rekefelt. Fiskeridirektoratet har vurdert at sjøkabel ikkje vil medføre eit vesentleg konfliktpotensial for utøving av fiske her, men legg til grunn at kabelen leggjast ut utan frie heng som kan medføre risiko for at fiskereiskap får hefte. Kystverket har stilt som vilkår i si løyve at sjøkabelen i størst mogleg grad må følgje botntopografien (utan heng) og leggjast forsvarleg slik at den ikkje forandrar leie eller flyter opp (vilkår nr. 5).

Lingalaks opplyser at sjøkabelen vil bli spylt ned, eller tildekt i fyrste del av sjøbotnen til tilstrekkeleg djupne er nådd. Deretter vil kabel fylgje topografi på sjøbotnen fram til den forlèt botn for å bli ført opp mot koplingsskap på sjølv forflåta til oppdrettsanlegget. Lingalaks skriv at plassering og utforming av sjøkabel frå sjøbotn og opp til forflåten vil bli avklart i detaljprosjekteringa, men at ein antar at det vil bli installert ein form for «riser-system¹».

NVE meina det er positivt at sjøkabelen skal følgje botntopografien og at ein unngår frie heng som kan utgjere ein risiko for kontakt med fiskerireiskap. NVE vurderer at vilkåret om legging og utforming av sjøkabel er ivaretatt av Kystverket si løyve og legg til grunn at det følgjast opp av tiltakshavar.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune har sendt saka til vurdering hos Bergen Sjøfartsmuseum som ikkje kjenner til kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Vestland fylkeskommune har heller ingen kulturfaglege merknader til sjøkabel på Kjobogen industriområde.

NVE legg til grunn at tiltaket har små verknadar for kjende kulturminne. Vi minner for ordens skuld om at dersom det skulle avdekkast automatisk freda kulturminne under anleggsarbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemyndigheitene varslast, jf. kulturminnelova § 8.

Forureining

Sjøkabel er planlagt fra Kjobogen, også registrert som Jotun Manger industriområde. NVE sine søk i naturbase viser at industriområdet er registrert som forureina grunn med påverkningsgrad 3 – ikkje akseptabel tilstand og behov for tiltak. Før tiltak må ein sikre at det ikkje er forureiningsfare til

¹ Riser-system reduserer risiko for punktslitasje og utmatting der kabel blir utsett for repeterte bøybevegelsar og gnissings- og kompresjonsskader ved dunking mot sjøbotnen. Ved å tilføre kabel ein oppdriftsseksjon kan ein auke kabelens fleksibilitet og fordele bøybevegelsane over eit vesentleg lengre strekk, og på den måten auke levetida (kjelde: Lingalaks sin konsesjonssøknad).



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

gyteområdet for torsk. Tiltakshavar må i samråd med grunneigar og kommunen avklare om det er naudsynt med risikoreduserande tiltak for å unngå forureining.

Konklusjon

NVE meiner at fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn ulempene. NVE gjev derfor Lingalaks konsesjon etter energilova for å byggje, eige og drive dei omsøkte elektriske anlegga for å elektrifisere oppdrettsanlegget Toska Sør i Alver kommune. Løyvet blir gjeve i anleggskonsesjonen, NVE-ref. 202513227-9.

NVE legg til grunn at tiltakshavar gjer seg kjent med krava i energilovforskrifta § 3-7. Krava går på at konsesjonær må sørge for at det innførast og praktiserast internkontroll for krav til miljø og landskap, og skal blant anna innehalde relevant dokumentasjon på at anlegget er bygd og drifta i tråd med konsesjonen.

NVE gjer oppmerksam på at Lingalaks er ansvarleg for å følgje vilkåra satt i anleggskonsesjonen. For å redusere negative verknadar i anleggsfasen, stiller NVE følgjande vilkår:

- Entreprenør skal gjerast kjent med dette vedtaket. Entreprenør, kommunen, grunneigarar, NVEs miljøtilsyn og andre rettshavarar skal orienterast når anleggsarbeidet startar.
- Anleggsarbeida skal gjennomførast på ein så skånsam måte som mogleg for å avgrense påverking på omkringliggande miljø. Unødvendig oppkvervling av sediment skal unngåast.
- Ved legging av kabel skal det nyttast fjernstyrt undervasssdrone (ROV) og tilhøyrande utstyr som bør dekke krav frå NS-EN 16260. Marinbiolog frå eit uavhengig organ skal vere til stades. Ved funn av sårbare arter og naturtypar skal ein så langt som mogleg unngå skade på desse ved å justere kabeltraseen. Alle funn av sårbare arter og naturtypar skal kartfestes og rapporterast inn i offentlege databasar. Ved funn av framande arter skal ein forsøke å unngå spreiding av disse.
- Dersom det avdekkast avvik som har medført, eller kan medføre betydeleg skade på miljøet, skal det rapporterast til NVEs miljøtilsyn så snart som råd. Rapporteringa må også angje korleis tiltak som er, eller vil bli iverksatt for å lukke avviket, hindre gjentaking og avbøte moglege skader.
- NVE kan følgje opp anlegget med tilsyn med heimel i energilova kapittel 10. Utgifter til tilsyn dekkast av konsesjonæren.
- Konsesjonær skal føreta ei forsvarleg opprydding og istandsetting av anleggsområda, som skal være ferdig seinast to år etter at anlegget er satt i drift.
- Anlegget skal haldast i tilfredsstillande driftsmessig stand i samsvar med denne løyva og eventuelle andre vilkår/planar.

Orientering av grunneigarar/rettshavarar og grannar

NVE ber om at Lingalaks så snart som mogleg sender dette brevet til grunneigarar/rettshavarar, naboar og gjenbuarar. Normalt skal alle som bur 100 meter ut frå senterlinja til leidningen varslast. Naboeigedomar er eigedom som har felles grense med den tomt som skal byggast på. Gjenbuareigedom forståast som eigedom der berre ein veg, gate, elv eller



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

anna areal ligg imellom. Både eigarar av utbygde og bygde eigedomar skal varslast. Dersom nokon av dei nemnde mottakarane er representert ved fullmektig, skal òg fullmektigen få tilsendt brevet, jf. forvaltningslova § 12.

NVE ber om at Lingalaks bekreftar utsendinga av brevet til NVE med opplysning om dato for utsendinga.

Om byggesakshandsaming

Anlegg for overføring og omforming av elektrisk energi er unnateke frå handsaming etter plan og bygningsloven, jf. pbl. §1-3. Bygg som er direkte knytt til den daglege drifta av energianlegg skal difor ikkje byggjesakshandsamast. NVE meiner det aktuelle bygget fell inn under unntaket i § 1-3, og det skal difor ikkje byggjesakshandsamast av kommunen. Aktuelle bygg skal likevel utformast i tråd med relevante krav i forskrift om tekniske krav til byggverk (FOR 2017-06-19-840). Konsesjonæren er ansvarleg for at forskrifta sine krav vert følgt.

Med helsing

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Guttorm Edman Jørgensen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

LINGALAKS AS

Kopimottakarliste:

H2 HARDANGER AS

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntatte offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.